

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 02.06.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Synnøve Teigeland og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Alle møter - behov for styrking av budsjett for 2015**

**ARKIVSAK:** 2013/378  
**STYRESAK:** **067/15**

**STYREMØTE:** **18.06. 2015**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Administrerende direktør tilrår at det blir tildelt kr 8,3 mill. til drift og kr 1,2 mill. til investeringar i 2015. Midlane blir dekket av reserven i RHF-et.

## Oppsummering

Regional prosjektleiing i prosjektet «Alle møter» ber Helse Vest RHF om midlar til å auke innsatsen og satsinga for 2015. Aministrerande direktør ønsker å støtte dette og foreslår derfor å omfordele midlar frå reserven i RHF-et med kr 9,5 mill.

### Fakta

«Alle møter» prosjektet veks i omfang og kompleksiteten er auka betydeleg. Det er levert nye arbeidsprosessar, gitt betydeleg bidrag til organisasjonsutvikling som strekk seg langt utover det som var lagt til grunn ved prosjektstart. Helseføretaka har bedt prosjektet ta ansvar for å førebu/levere løysingar utover det opphavlege prosjektmandatet.

For å vere rusta til å levere planlagde aktivitetar, handtere nye avklaringar og oppdrag, samt gjennomføre nye delprosjekt, ser regional prosjekteigar at det er behov for å auke budsjettet for 2015. Alternativet til å auke budsjettet er å utsette/nedprioritere og utsette aktivitetar der prosjektet har fått svært god forankring for innovative nye arbeidsprosessar. Dei er i høgaste grad etterspurd i helseføretaka og skal bidra til høg verdiskaping og effektivisering på kort og lang sikt.

For å dekke nye innsatsområde er det behov for følgande budsjettmidlar:

Arbeid	Drift	Investering
Sjølvbokking av timar	1 280 000	
Val av behandlar	2 051 000	
Utvikling av App som inneheld mange kommunikasjonskomponentar	1 281 000	
Vestlandspasienten – (auka timepriser frå leveransar frå Helsedirektoratet)	2 000 000	
Pilot av Inntaksplanlegging i DIPS Arena	1 425 000	
Frasar og standard takstar for direkte kopling til alle brev som blir sendt til pasientane	250 000	
Alle møter – prosjektorganisasjonen ( behov for assisterande prosjektleiar 100%, funksjonell arkitektur % og teknisk arkitekt 50%)		1 200 000
<b>Sum</b>	<b>8 287 000</b>	<b>1 200 000</b>

Pilot for Inntaksplanlegging med ny modul i DIPS Arena må bli tett koordinert med innføring av DIPS Arena. Dette er det første området der ein går inn i DIPS Arena og det er viktig at vi reduserer risiko ved overgang til DIPS Arena.

Samla budsjett til drift blir kr 8,3 mill. og investeringar kr 1,2 mill. Reserven i RHF-et blir då endra frå kr 60 mill. til kr 50,5 mill. Denne satsinga gjeld for 2015 og midlane vil bli ført tilbake til reserven i 2016.

### **Konklusjon**

Administrerende direktør tilrår at det blir tildelt kr 8,3 mill. til drift og kr 1,2 mill. til investeringar i 2015. Midlane blir dekkja av reserven i RHF-et.